

## ÅRSMELDING GEOFORUM HORDALAND 2018

### 1. Styret

Styret har i perioden 2018-2019 vore samansett av:

Ingunn Maria Thorbergsdottir	Norconsult	Leiar
Jan Erik Førde	Bergen kommune	Nestleiar
Haso Bradaric	Statens kartverk	Kasserar
Gro Helland	Statens vegvesen	Styremedlem
Vegard Eriksen	Multiconsult	Varamedlem
Knut Hellevik	Samnanger kommune	Varamedlem
Torben Jacobsen	Norconsult	Valkomité
Henrik Løseth Jansen	Hordaland fylkeskommune	Valkomité
Agnetha Veivåg	Austevoll Kart AS	Revisor
Yngve Sagvaag Lunde	Stord kommune	Revisor

Styret hadde konstituerande møte 6.01.2018 og 5 andre ordinære styremøter/arbeidsmøter. I tillegg til dette har det ellers vært ein god del kontakt via Skype, e-post og telefon.

### 2. Økonomi

Lokalavdelinga sin økonomi går fram av årsmelding frå kasserar. Ein kan elles berre understreka at lokalforeininga framleis har god økonomi og at det for tida ikkje er noko mål å tena pengar på arrangementa. Styret ser ingen grunn for å gå inn for lokal medlemskontingent. I året som kjem vil vi prioritera tiltak som gjer det meir attraktivt å vera personleg medlem.

### 3. Medlemmer

Lokalavdelinga hadde ved årsskiftet 2018-2019 følgjande medlemmer (utvikling frå 2017 i parentes):

Type medlem	Antall	Endring
Personlege medlem:	129	(-4)
Pensjonistmedlem:	5	(0)
Studentmedlem:	38	(9)
Æresmedlem:	1	(0)
Bedriftsmedlem:	19	(1)
<b>Totalt:</b>	<b>192</b>	<b>6</b>

Talet på medlemer er auka med 6 sida førre årsskifte (-17 i 2016). Medlemstal for Personlege medlemmer minka om total 4 personar. Studentmedlemmer auka med 9 og det blei ein auking på 1 bedriftsmedlem. Vi har mange studentmedlemmar. Dette er på grunn av ein kampanje vi hadde mot studentane på GIS-dagen 2018, der vi dekka eit års medlemskap (i 2019).

Årene 2013-2017 har det vore nedgang i medlemstalet, derfor er det ekstra gledeleg at antall medlemmer økte i fjor. Det er fortsett ein nedgang i antall personlege medlemmer. Det er same trenden i heile Noreg. Det jobbast med tiltak for å gjera det meir attraktivt å være personleg medlem. På alle våre arrangement skal vi sette av litt tid i programmet for å presentere GeoForum og fordelane ved å være medlem.

Personvernloven:

#### **4. Møte og kursverksemd**

- Lokale geometikkdagar med årsmøte 2018, 5.-6. februar på Scandic Ørnen i Bergen. Deltakrar 92.
- Sommersamlinga 2018, 14. juni ble avlyst på grunn av for få påmeldte.
- Eigedomskonferansen 2018 vart arrangert 15. og 16. oktober på Solstrand Hotel og Bad på Os. Konferansen hadde totalt 170 deltakrar.
- GIS-dag 2018 vart halden 14. november saman med UIB og HVL. Me hadde også eit sosialt kveldsarrangement etterpå. Deltakrar 100.

#### **5. Evaluering av våre årlege arrangement**

Vi fekk gode tilbakemeldingar på Lokale geometikkdagar og planlegg å halde konferansen anna kvart år. Vi planlegg lokale geometikkdagar med årsmøte i 2020.

Vi prøvde å arrangere sommersamling i juni. Det vart for få påmeldingar, så det vart avlyst. Me har fått gode tilbakemeldingar på Eigedomskonferansen og vil fortsetta dette konseptet. Også GIS-dagen har fått gode tilbakemeldingar, her vil me jobba vidare med konseptet saman med UIB og HVL.

#### **6. Representasjon**

På representantskapsmøtet 13. mars 2018 under Geomatikkdagane 2018 i Stavanger var Hordaland representert med Jan Erik Førde, Ingunn Maria Thorbergsdottir og Gro Helland.

Lokalavdelingsleiarane i GeoForum hadde i 2018 regelmessige skypemøter for erfaring- og informasjonsutveksling.

Leder Ingunn Maria Thorbergsdottir deltok på Leiarkonferansen som i år vart arrangert 9.-10. januar i Oslo.

#### **7. Diverse**

Hordaland og Sogn og Fjordane slås saman i 2020 og medfører det spørsmål om GeoForum Hordaland og GeoForum Sogn og Fjordane skal slås saman i løpet av 2020. Det vil medfør vurderingar og utrekningar av organisering av styre og bl.a. Dette temaet er sendt inn som sak til årsmøtet.

Styret i lokalavdelinga takkar for bidrag frå foredragshaldarar, komitémedlemer og møteleiarar ved våre arrangement. Lokalforeininga takkar også våre faste samarbeidspartnarar, Statens Kartverk Bergen, Jordskifterettane i Hordaland, Høgskolen på vestlandet og Universitetet i Bergen for samarbeidet også i år. Takk også til alle som deltok og bidrog på våre arrangement i løpet av året.

09.05.2019

Ingunn Maria Thorbergsdottir  
styret